

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at dei supplerande biologiske undersøkingane, i tillegg til dei opphavlege undersøkingane frå 2006, gjev nok opplysningar til å fatte eit vedtak.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlagd søknad om bygging av småkraftverk ved elva Tesgjolo (Tesgjolo Kraft AS).
3. Det vert lagt vekt på at elva Tesgjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å byggje kraftverk større enn 1 MW. I tillegg skal ikkje tiltaket svekke verneverdiene i området nemneverdig.
4. Ei regulering vil ha negativ verknad på artar knytt til sjølve vasstrekken og nærområdet til desse. Dette gjeld spesielt fuktkrevjande planteartar, kryptogamflora og fugleartar som fossekall, strandsnipe, linerle og vintererle. Rapport for supplerande biologiske undersøkingar foreslår følgjande avbøtande tiltak: 1) Det er anbefalt at tiltaka vert gjort så skånsamt som muleg. 2) Minstevassføring og spyleflaumar. 3) Tersklar for lav- og moseartar i bekkekløfta og i fossesprøytsona. Hordaland fylkeskommune støttar anbefalinga.